

Uskedeling i leiinga for helikopter-NM

12.06.2009



Laurdag og sundag arrangerer Folgefond RC-klubb og Bergen Modellflyklubb Noregsmeisterskap i presisjonsflyging for modellhelikopter på Ripel i Omvikdalen. Uskedelingen Erlend Moen er leiar i RC-klubben og opplyser at det blir rundt 10 deltakarar. Eitpar av dei er lokale.

På Ripel var det uttaksstemner til modellhelikopterlandslaget både i fjor og i 2007.

Ein må rekna med litt støy, men duren vil vera konsentrert om eit lite område sidan alle øvingane skal vurderast av dommarar.

Det er fri adgang for publikum og sal av både vått og tørt.

Biletet over er teke av Kvinnheringen under Norgescupen i fjor og det er Geir Marker som kontrollerer helikopteret sitt.